



*Flyktningearbeid i Radøy kommune*

**Notat  
busetting  
av  
flyktingar**



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### **Innhald**

Bakgrunn .....	3
Bakgrunnen for oppmodinga .....	3
Om flyktningar omfatta av kommunestyrevedtaka .....	4
Integrering.....	4
Status for flyktningearbeidet i Radøy kommune per 1.1.2016 .....	5
4. Bustader .....	5
Mål for flyktningearbeidet i Radøy kommune .....	5
Korleis nå måla for flyktningearbeidet.....	6
Prognose.....	6
Utfordringar: .....	7
Økonomi - budsjett .....	9
Vedlegg 1 - PROSEODYRE for BUSETTING AV FLYKTNINGAR I RADØY KOMMUNE.....	11
Formål .....	11
Omfang.....	11
Målgruppe .....	11
Skildring av prosedyren .....	11
Dokumentreferansar .....	15
Vedlegg 2 – Flyktningestatus.....	16
Vedlegg 3 – Stillingsbeskrivelse Flyktningekonsulent .....	17
Vedlegg 4 – Stillingsbeskrivelse for flyktningekoordinator.....	17
Vedlegg 5 Introduksjonsprogram .....	18
Vedlegg 6 Introduksjonsprogram - Eigenmelding ved sjukdom .....	24



## Flyktingearbeid i Radøy kommune

### Bakgrunn

Det er gjort nasjonalt politisk vedtak om at Norge skal ta i mot flyktninger. Integrerings- og mangfalddirektoratet (IMDI) har fått ansvar for busetjinga. Kommunen har motteke førespurnad frå IMDI, og skal fatta vedtak om busetjing av flyktninger.

Radøy kommune vedtok følgjande i kommunestyremøte 31. oktober 2013:

*«Radøy kommune vil etablere ei meir tverrsektoriell tilnærming til mottak og integrering av flyktningar. Vi kan då klara mottak av fleire flyktningar enn vi gjer i dag. Inntil dette er etablert, vil Radøy kommune melda til IMDI at vi kan ta i mot 6 flyktningar i 2014, og tek sikte på å ta imot minst 6 flyktningar i 2015 og minst 6 flyktningar i 2016».*

Radøy kommune vedtok følgjande i kommunestyremøte 10.12.2015

- Radøy kommune aukar ramma for mottak av flyktningar for 2015 frå gjennomsnittleg 6 plassar til inntil 18 plassar.*
- Det vert gjort eit rammevedtak for perioden 2016 – 2019 for mottak av 72 flyktningar. Rådmannen får fullmakt til å disponera mottakspllassane for det enkelte år innanfor denne ramma.*

Busetjing av flyktninger er ei permanent kommunal oppgåve på lik line med andre kommunale oppgåver. Busetjingsarbeidet må i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal. Talet på flyktningar det er behov for å busetja dei komande åra, skal gå fram av prognosar og plantal.

Kommunane får årleg brev med oppdaterte prognosar for inneverande år og neste år, og rullerte plantal for dei tre påfølgjande åra. Talet på flyktningar som kommunane er oppmoda om å busetja dei neste fire åra (2016-2019) er basert på dagens prognosar og plantal.

Oppmodingstala kan bli justert opp eller ned ved rullingene neste år, dersom prognosane over talet på nye flyktningar vert endra eller dersom kommunane ikkje vedtek det talet plassar det er behov for. Forespørsla frå november 2015 er 26 flyktningar i 2016, og 29 i 2017, medrekna busetting av mindreårige.

I dette notatet vil vi prøva å få fram omfanget i busetjing av flyktninger.

### Bakgrunnen for oppmodinga

Ved utgangen av juni i år var det 5 228 flyktningar i asylmottak med opphaldsløyve som venta på å flytta til ein kommune. Ein femtedel av dei har venta i meir enn eitt år sidan innvilga opphold. Lang ventetid er spesielt belastande for born. 645 av dei som ventar er born i familiar, der 410 har budd på asylmottak i meir enn eitt år frå dei søkte om opphaldsløyve. For å få busett både det store talet på flyktningar som ventar i mottaka og det auka talet på syriske flyktningar, er det behov for ein særleg innsats frå alle kommunar i landet. Dersom kommunane ikkje buset fleire flyktningar i tråd



## *Flyktingearbeid i Radøy kommune*

med Fylkesmannen og IMDi si oppmoding, vil køane og ventetida i mottak halda fram med å auka. Det er behov for å busetja så mange som mogleg av dei som ventar i løpet av 2015 og 2016. Ein kan forventa at flyktninge-straumen vil auke til våren.

### **Om flyktningar omfatta av kommunestyrevedtaka**

Flyktningar som kjem vil normalt koma frå mottak. Søknad er handsama, dei har fått innvilga opphold i landet, anten i form av asyl eller på humanitært grunnlag (sjå vedlegg 1 – ulike former for opphaldsløyve).

I tillegg til dei kommunen har vedtatt å ta imot, kjem familiegjenforening. Omfanget av dette er ikkje klart for kommunen på førehand. Desse har krav på busetjing, og skal haldast utanfor vedtaket i kommunestyret.

Flykningane har særsvansvarierande bakgrunn, alt frå manglande grunnskule til universitetsutdanning. Nokre meistrar engelsk svært bra, og lærer seg relativt fort norsk. Andre har ikkje grunnleggjande ferdigheter i eige språk, heller ikkje engelsk, og treng difor mykje lenger tid til å læra norsk. Engelskferdigheter kan samstundes hemma innlæring av norsk.

Som alle andre har flyktningane ulik bakgrunn, og oppvekst og opplevelingar i fortid påverkar evne til innlæring i notid (traumer, krigserfaring, vald, overgrep, tap av nære familiemedlemer, uvisse om status for nære familiemedlemer, anna kulturbakgrunn, anna skulesystem).

Dei som kjem frå mottak (vedtaksflyktningane) har opparbeidd noko norskkunnskap, men i svært varierande grad. Når det gjeld familiegjenforening, kjem desse stort sett rett frå flyktningeleirar.

I tillegg kjem overføringsflyktningar som kjem direkte.

### **Integrering**

Introduksjonsloven seier kva plikter og rettar kommune og den enkelte flyktning har. Flyktningar har rett og plikt til introduksjonsprogram i to år. Dette inneber 37,5 time per veke med aktivitet fordelt på norskundervisning og språkpraksis. Dei har rett på 5 veker ferie kvart år (4 sommar, den 5. fordelt på jul og påske). Inntak i introduksjonsprogrammet blir gjort i vedtaks form, med klagerett.

Kvar flyktning får utbetalt introduksjonsstønad kvar månad dei første to åra. Denne er 2G (1G er 90.086,- per 1.1.2016) per år, inntekta er skattbar. Ugyldig fråvær medfører trekk i utbetalinga. Etter to år er målet at flyktningen er i fast arbeid.

I tida fram til innmelding i introduksjonsordninga (innan tre månader etter ankomst Radøy), får personen tildelt økonomisk sosialhjelp. Vi nyttar også sosialhjelpsmidlar til å etablera bustad. Her kan vi søkja midlar frå Husbanken (startlån, medfører rapporteringsplikt), eller vi kan overføra midlar frå flyktningefondet. Dersom vi nyttar etableringstilskot vil det bety at personen eig det vi kjøper inn, om vi nyttar midlar frå flyktningefondet eig kommunen dette. Ved etablering i eigen bustad kan vi evt søkja startlån for den enkelte flyktning.



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

Etter avslutta program, vil dei fleste difor ha behov for stønader frå NAV, noko som økonomisk sosialhjelp, noko som individstønad/basisyting. Det siste krev at dei tar del i tiltak. Sviktande integrering fører dermed til at vi får fleire innbyggjarar som er avhengige av økonomisk sosialhjelp frå NAV.

Det kan vera ulike grunnar til dette. For det første er det få arbeidsplassar for personar utan fagbrev. For det andre kan dei framleis slite med traumebearbeiding. Dette ser vi spesielt hos dei som kjem gjennom familiegjenforening. For det tredje kan utilfredsstillande norskopplæring og integrering generelt – både på skule, fritid og i språkpraksis – gjere at det tar lengre tid å bli kvalifisert.

### **Status for flyktningearbeidet i Radøy kommune per 1.1.2016**

Vi har oppfylt kommunen sitt tidlegare vedtak om mottak. I 2015 vart 11 flyktningar busett, og plan for 2016 er minimum 18. Fylkesmannen i Hordaland har stilt forventningar til kommunen å auka busetjinga til 25, medrekna bersetting av mindreårige.

Ein familie kjem som overføringsflyktningar i veke 4. Familien tel 7 personar. I tillegg kjem 2 frå mottak før påske.

### **4. Bustader**

Den enkle del av bersetting er no å finna husrom. Radværingane er rause med å tilby hus og leiligheter. Tilgangen er for tida svært bra. Viktige element:

- Prisnivået er høgt.
- Lokalisering er viktig, då tilgang på kollektivtransport er ein nøkkel. Dei som kjem har ikkje godkjend førarkort og bil.
- Bustader som vert tilbydd kommunen er i varierande grad godkjent for formålet. Kommunen må sikra at formidling/vidareleige av leiligheter er godkjent med omsyn til byggetekniske krav for å ivareta brannsikkerheit som eit minimum.

### **Mål for flyktningearbeid i Radøy kommune**

1. sikra god integrering av flyktningane i vårt lokalsamfunn. God kvalitet på mottaks- og oppfølgingstenester vil bidra til at integreringstida vil bli redusert.
2. engasjera og ansvarleggjera fleire instansar i kommunen, både kommunale og frivillige tenester. Med dette vil vi raskare kunne få etablert gode relasjonar mellom flyktningane og innbyggjarane i Radøy. Det er Radøy kommune som samfunn som har vedteke å ta i mot og integrera flyktningane, og integreringa må dermed skje på fleire arenaer.
3. aktivera den kompetansen mange av flyktningane har; arbeidserfaring og/eller utdanning, slik at dei raskast mogeleg kan ta del i samfunnet på sjølvstendig grunnlag. Oppleving av meistring er viktig for korleis ein ser på seg sjølv, og det å koma seg raskt i arbeid gjer at ein endrar status frå mottakar til bidragsytar.
4. etablira gode mottaksrutiner, avklara ansvar og aktivering av engasjement på ulike plan, som igjen vil bidra til å nå måla overfor.



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

I tillegg til den menneskelege gevinsten ved at flyktningane så snart som mogeleg blir i stand til sjølvstendig å ivareta sine eigne interesser, vil god kvalitet på dette arbeidet også bidra til at kommunen sikrar effektiv drift og god økonomisk styring.

### Korleis nå måla for flyktningearbeidet

1. Det blir sett ned ei styringsgruppe for arbeidet med flyktningar. Denne består av dei tre kommunalsjefane for drift, oppvekst og helse og omsorg. Med det vil ein ha mynde over alle einingane i kommunal drift, og sikra felles ansvar og medverknad i arbeidet.
2. Rådgjevar for oppvekst er prosjektleiar for arbeidet med å utvikla gode rutiner for mottak og oppfølging.
3. Det skal utarbeidast prosedyre for mottak av flyktningar. Denne skal vedtakast av kommunalsjefane, som også får ansvar for å informera og følgja opp sine einingar i dette arbeidet.
4. Det blir oppretta ei eige inntaksnemnd for flyktningar. Denne består av representant frå NAV Radøy, rådgjevar oppvekst, rådgjevar helse og omsorg og representant for drift. Når mottak er avklart med IMDI, skal gruppa samlast. Denne skal gå gjennom situasjonen for den aktuelle flyktning, og fordela ansvar og oppfølging av dei ulike tiltaka utfra vedteken prosedyre, sjå vedlegg 1. Utfrå prosedyre blir det utarbeidd ein plan for oppfølging av den enkelte, med namn på ansvarleg innan kvart område.
5. Vurdera ulike former for informasjon til Radøysamfunnet når vi har nye flyktningar på veg; heimeside, informasjon i lokalavisene, informasjon i møter med tilsette, fleire?
6. Etablira fadderordningar for flyktningane
7. Utarbeidning av ein Radøy-guide med relevant informasjon for flyktningar vil også gi flyktningane eit hjelphemiddel for raskare å kunne ta del i lokalsamfunnet.

### Prognose

Det er sentrale styresmakter som avgjer om flyktningane får opphold og om dette blir permanent. Presset på kommunane er uansett klart og tydeleg. Radøy har busett 11 flyktningar i 2015. Det vert gitt ekstratilskot til dei kommunar som buset fleire enn oppmodinga frå IMDI. Dette betyr i praksis ingen ting for Radøy. Ordninga slik den er organisert, medfører ingen ekstra tilskot til vår kommune.

Det kritiske punkt for auke av mottak av flyktningar er tilgang på bustader. Det er god tilgang på nye bustader. Bustader for flyktningar bør inn i bustadsosial handlingsplan. Det kan vera formålstenleg for Radøy kommune å eiga nokre bustader også til flyktningar, slik at ein sikrar tilgang på nokre bustader i tillegg til leige på den private marknaden.

Det er mogleg å ta imot fleire flyktningar i Radøy i 2016 og framover, men det må setjast inn større ressursar. Under er det laga ei oppstilling som skisserer status for mottak og administrasjonen sine vurderingar for mogleg auke i mottak dei komande åra:

Gitt tilsagn	Status	Forespørsel	Vedtatt	Nytt tilsagn frå kommunestyret? <i>Auke inntil:</i>



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

2015	6	11			
2016	6	7	25 nye flyktningar Minst 7 mindreårige	18	25
2017	6	0	29 nye flyktningar Minst 11 mindreårige	18	29
2018		0	nn nye flyktningar	18	18
2019		0	nn nye flyktningar	18	18
Totalt/snitt	18	18	Totalt	72	94?

Fylkesmannen ber kommunen fatta vedtak om ekstra mottak av flyktningar for planperioden 2017-2019 i tråd med plantala. Det er ynskjeleg at det vert gjort i form av eit rammevedtak for perioden, og at administrasjonen får fullmakt frå kommunestyret til å disponera plassane for det enkelte år innanfor denne ramma, i samråd med Fylkesmannen og IMDi.

### Uffordringar:

For flyktningar som kjem til Radøy er det ein fordel at dei bur slik at ein har tilgang til tettstader og kommunikasjon. Dette må beskrivast nærmere i bustadsosial handlingsplan.

### Bustadkontor/forvalter

I arbeid med flyktningar i dag, samlar vi ulike ressursar som bidrar;

- Johan Sandal, kommunalsjef
- Bjørg Murberg, sekretær – kontrakt/husleie oppfølging
- Solveig Michelsen – sakshandsamar NAV,
- Trond Sylta – vaktmester
- Helge Vallestad – opplæring
- Harald Stanghelle – teknisk koordinering
- Robert Mjøs – byggesak

Gruppa møtest 3 – 5 gonger i året for å samhandla, koordinera og utveksla erfaringar. Dette har fungert så langt. Talet på flyktninger samla begynner å bli betydeleg. Det er mange leiligheter og kontraktar som må følgjast opp. Talet framover vert mangedobla. Det er store beløp involvert etterkvar og god styring er nødvendig. Dette har vore tema i fleire år. No er tida inne for å etablera ei meir formell bustadsforvaltning. Ei slik stilling bør delfinansierast frå flyktningemidlane. Deit er omfanget av flyktningebusetting som krev mykje meir arbeid på dette området. På same tid er utfordringane knytt til sosial og psykisk helse aukande. Radøy bør og ha en strategi med omsyn til å tilrettelegga for å bu heime så lenge som mogleg.

### Bustad/bustadsoppfølging (ref prosedyre)

- Finna eigna bustad
  - Vurderer lokasjon



## Flyktingearbeid i Radøy kommune

- Vurdera innhald – møblert/umøblert
- Kontroll at bustad er lovleg
- Kontrakt/kontraktsoppfølgjing
- «Vaktmeistertenester» til nye busette
  - Bistå med å tilrettelegga i forkant av innflytting
  - Bistå etter innflytting med praktiske utfordringar

### Saksbehandling og koordinering

- Oppfølgjing frå sakshandsamar
  - Tydelig rolle/ansvarsbeskrivelse NAV
- Flyktingekoordinator (ny funksjon/rolle)
  - Kontakt i lokalmiljø
  - Koordinator som arbeidar og følgjer opp også ettermiddag/kveld.
  - Korodinator bør knyttast opp mot frivillegsentralen, med fokus på flyktingar, og ved kapasitet andre oppgaver kommunen vil satse på.
  - Koordinator vil måtte samarbeide med frivillige, vil kunne gjøre praktiske oppgaver lettere og bidra til at flyktningane kjenner andre enn saksbehandler på NAV,
  - Ny frivilligkoordinator vil naturleg ha fokus på kontakt med andre frivillede enn det som i dag er hoveddel ved Frivillegsentralen.

### Busetting av mindreårige

- Kven er de
- Kva strategi skal kommunen ha?

Fylkesmannen initierer møter der en konkret ser på korleis utfordringar kring mindreårige kan handteras. Vedtaket frå desember inneber ikkje ein plikt til å busette mindreårige flyktingar. Radøy har eit stort hjarte, men ingen opplagte løysingar for å ta imot mindreårige. Tilbod vil måtte avhenge av alder og behov. Moglege tilnærmingar;

1. Etablere ein institusjon/heim med medlever 24/7 – ikkje ønskeleg
2. Søke om etablerte flyktingar kan bidra? - mogleg?
3. Oppfordre familier i Radøy til å ta imot ungdommen? - mogleg?
4. Kan eldre mindreårige benytte tilbod ved folkehøgskule? - mogleg?

Radøy ser det ikkje formålstenlig å etablere busenter for mindreårige flyktingar. Vi ser ikkje at kommunen har naturlig infrastruktur, kapasitet eller kompetanse til å starte et slikt tiltak. I tillegg vil dette bli vesentlig økonomisk belastning. Dette kan ble sett på som negativt.

Ein løysing er å vurdere på individuelt grunnlag om ein kan klare å busette mindreårige iht 2-4 over.

### Opplæring og underdervisning

Ein intern vurdering anbefaler at det ikkje bør gjørast endringar frå dagens modell der vi kjøper undervisningstenester frå Lindås. Austreim har og kapasitet som kan være aktuell.

Dersom det kjem flyktingemottak på Radøytunet må sak vurderast på nytt.



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

### Flyktningøkonomi - Budsjett

Staten tildeler kommunane integreringstilskot for kvar mottatt flyktning etter følgjande satsar:

Integreringstilskott- Busettingsår	Sats
År-1 (2016)	kr. 184 000 (voksen, barn, enslig mindreårig)* kr. 234 000 (enslig voksen)
År-2	kr. 220 000
År-3	kr. 160 000
År-4	kr. 83 400
<b>Barnehagetilskott</b>	kr. 24 600 (eingongstilskott)
<b>Eldretilskott</b>	kr. 162 200 (eingongstilskott)
<b>Særskilt tilskott einslege mindreårige</b>	kr. 185 400
<b>Personer med kjente funksjonshemmingar</b>	Tilskudd 1: kr. 181 000 (eingongstilskott) Tilskudd 2: Inntil kr. 1 111 000 i inntil 5 år

### Inntekter og kostnadssiden (introduksjonsprogram 2 år)

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tilskot etter kjente tal	6 067 000	10 891 800	15 299 200	16 437 400	15 685 000	15 238 600
Einsleg vaksen						
Tal 1. års	11	25	29	18	18	18
Tal 2. års	13	11	25	29	18	18
Tal 3. års	2	13	11	25	29	18
Tal 4. års	5	2	13	11	25	29
Tal 5. års	1	5	2	13	11	25
Tilskot år 1	232 000	235 000	235 000	235 000	235 000	235 000
Tilskot år 2	210 000	220 000	220 000	220 000	220 000	220 000
Tilskot år 3	152 000	160 000	160 000	160 000	160 000	160 000
Tilskot år 4	82 200	83 400	83 400	83 400	83 400	83 400
Tilskot år 5	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000	70 000
Tilskot etter kjente tal	4 323 264	6 484 896	9 727 344	8 466 392	6 484 896	6 484 896
Overskudd	1 743 736	4 406 904	5 571 856	7 971 008	9 200 104	9 200 104
Einsleg vaksen						
Tal 1. års	11	25	29	18	18	18
Tal 2. års	13	11	25	29	18	18
Tal 3. års	2	13	11	25	29	18
Tal 4. års	5	2	13	11	25	29
Tal 5. års	1	5	2	13	11	25
Intro.progr år 1	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136
Intro.progr år 2	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136	180 136



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### **Økonomistyring og flyktingar**

Det er behov for ei oversikt over inntekter og kostnader knytt til busetting av flyktingar. Meland har vald fondsmodellen der alle inntekter vert samla i eit fond og alle kostnader vert trekt frå dette. Ein slik modell har vore vurdert i Radøy, men dette vil medføra unødig mange endringar i rutiner og ansvar.

Det vert foreslått at ein heller set opp eit oversiktsbudsjett for året, og følgjer etablerte rutinar.

Modellen er basert på hovedtal for ensleg vaksen. Fasit vil visa kva ein faktisk får, det er avkortingar ift alder. I tillegg mottar kommunen tilskot til skule og opplæring.

Oversikta over viser overskot. Dette er til dels rett, men etter to år med introduksjonsprogram vil dei fleste ha behov for sosialhjelp og bistand til bukostnader. Dette er sosialkostnader som ikkje er like lett å ha full oversikt over. Denne kostnaden er og variabel avhengig av kor raskt ein klarar å integrera flyktingane i arbeid og samfunn.

Det vil og vera mindre kostnader som kjem i tillegg, t.d. busskort og skulemateriell. Helsekostnader/vaksinering er og på kostnadssida.

Den største ekstrakostnaden vil vera personalressursar frå kommunen som går med til oppfølging av flyktingane. Utover bemanning pr 31.12.15, vert det planlagt å gjera eit mellombels årsverk til fast tilsetting, samt tilsetja ein ekstra stillingsressurs til sosial.

Utover dette vil det vera relevant å styrka arbeidet med bustadforvaltning og koordinator i frivillig arbeid.

Konsekvensen er framleis at ein auke av inntak av nye flyktingar også vil medføra høgare kostnader og ressursforbruk frå kommunen si side. For 2016 kan ein ved auka ressursar forventa nokolunde balanse.



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

### Vedlegg 1 - PROSEODYRE for BUSETTING AV FLYKTNINGAR I RADØY KOMMUNE

Meland kommune ved Ingeborg Sætre har utarbeidd prosedyre for busetting av flyktninger. Vi har tatt utgangspunkt i dette arbeid.

#### Formål:

Alle oppgåver/trinn i prosessen rundt mottak og busetting av flyktninger skal vera koordinerte og avklarte mellom aktuelle kommunale einingar. Med dette ønskjer ein å oppnå to målsettingar:

Sikra god service til ny-busette flyktningar, slik at dei så raskt som mogeleg blir i stand til å ivareta sine eigne interesser på dei fleste område, med andre ord, å bidra til sjølvstende.

Sikra effektiv drift og optimal økonomisk styring for kommunen.

#### Omfang:

Prosedyren omfattar alle trinn/oppgåver i busettingsprosessen; frå tidspunkt for avtale med IMDi om mottak av namngitt person/familie, til utløp av periode for integreringstilskot.

#### Målgruppe:

Prosedyrene skal vera kjent for aktuelt personale innan NAV Radøy, legesenter, helsestasjon, psykisk helse, barnevern, pleie og omsorg, skule og barnehage, bustadansvarleg, friviligentralen, vaksenopplæring og tekniske tenester.

#### Beskrivelse av prosedyren:

##### Før mottak/ankomst:

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
Avklaringstelefon	<ul style="list-style-type: none"><li>Forhåndssamtale med IMDi med fokus på avklaring av gjensidige forventninger og behov</li></ul>	NAV
Tlf til mottak	<ul style="list-style-type: none"><li>Avklara kva dei har med seg, tidspkt for ankomst, anna relevant info</li></ul>	NAV
Inntaksmøte	<ul style="list-style-type: none"><li>Klargjering av kva prosedyrer som er aktuelle i kvart enkelt tilfelle</li></ul>	Inntaksnemnda
Bosted	<ul style="list-style-type: none"><li>Finna husvære</li><li>Klargjering av bustad med innbu/utstyr</li><li>Straumabonnement</li><li>Oppvarming før ankomst</li><li>Leigekontrakt/avtalar</li></ul>	NAV/bustadansvarleg Teknisk/NAV/evt kjøpe tenester frå andre (Aufera) Teknisk/bustadansvarleg Teknisk Utleigar: adm rådhus Brukar: NAV/sekr helse og omsorg



## Flyktingearbeid i Radøy kommune

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
	<ul style="list-style-type: none"><li>kontakte NGIR om naudsnyt/evt bosspann</li></ul>	Teknisk
Kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>Førebels kartlegging av tolkebehov</li><li>Bestilling av tolketenester</li></ul>	Inntaksnemnd Kvar avdeling etter behov
Informasjon til berørt kommunale avd.	<ul style="list-style-type: none"><li>Skriftlig info til aktuelle partar, sjå sjekkliste</li></ul>	Inntaksnemnd
Helsesjekk for overføringsflyktningar	<ul style="list-style-type: none"><li>Setja opp felles legeavtale hjå lege/helsesøster med tolk til 1. konsultasjon. Alle vert sett opp samla straks etter ankomst</li></ul>	NAV kontaktar einingsleiar Helsehuset
Ekstern informasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>Vurdera om og kven og korleis, utlysing i avis, søkja fadderfamilie?</li></ul>	Inntaksnemnd
Ankomst dag	<ul style="list-style-type: none"><li>Avklara nødvendig mottakspersonell og transportbehov frå asylmottak osv til bustad</li></ul>	Inntaksnemnd

### Ankomstfasen (første 3 mnd. etter ankomst):

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
Oppfølging ved ankomst	<ul style="list-style-type: none"><li>Vedtak livsopphald mv., evt innkjøp matvarer samt måltid ved ankomst</li><li>Bistå ved gjennomføring av helsejekk</li><li>Personleg frammøte på lokale skattekontor for alle som treng personalnummer. Opphold mindre enn 6 måneder. Dokumentasjon: Pass eller anna legitimasjon, Søknadsskjema RF-1401B</li><li>Søknad om fastlege</li><li>Opprettning av bankkonto. Doc: personnr. Opphaldsløyve, pass eller anna ID-kort med bilde.</li><li>Send flyttemelding til Folkeregisteret Dok: kopi av opphaldsløyve (min 6 mnd.), personnr. Søknadsskjema RF-1400B eller på nett med MinID <a href="http://www.skatteetaten.no/Skjemaer/Flyttemelding-til-folkeregisteret/">http://www.skatteetaten.no/Skjemaer/Flyttemelding-til-folkeregisteret/</a></li><li>Følgja flyktingen til ulike timeavtalar, i kombinasjon med å bli kjent i nærmiljøet</li><li>Senda stadfesting av ankomst til IMDi</li><li>Senda krav om integreringstilskot og tilskot for opplæring til IMDi</li><li>Registrera flyktingen i ACOS</li><li>Samtykkeerklæring</li><li>Ta kopi av passet for mappe</li></ul>	NAV
Oppfølgingsmøter adm.	<ul style="list-style-type: none"><li>x4/år ; ca 15.des, 15.mars, 15.juni og 15.sept</li><li>+ v/behov utover dette</li></ul>	Inntaksnemnda NAV melder prosjektleiar,



## Flyktingearbeid i Radøy kommune

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
		som kallar inn
Opplæring bostad/å bo	<ul style="list-style-type: none"><li>Runde i bustaden saman med flyktningen og brannansvarleg i kommunen</li><li>Sikra grunnleggande kunnskap i bruk av.<ul style="list-style-type: none"><li>Elektrisk utstyr (NB: komfyr/tørrkoking), brannslokkingsutstyr, røykvarslar, målaravlesing</li><li>Vatn, ventilasjon, avtrekksvifte, lufting</li><li>Reinhold med innv/utv vedlikehald</li><li>Bosslevering og sortering av avfall</li><li>Montera postkasse med namn</li><li>Kjenna leigekontrakt og husreglar</li></ul></li></ul>	Teknisk/NAV  Teknisk  Teknisk  Reinhold/teknisk  Teknisk  Teknisk  NAV/sekr helse og omsorg
Tannlegesjekk	<ul style="list-style-type: none"><li>Ordna avtale for kontroll og nødvendig behandling.</li></ul>	NAV
Helse	<ul style="list-style-type: none"><li>Sikra grunnleggande kjennskap til helsevesenet (t.d. fastlegeordning, legevakt, sjukehus, helsestasjon, punktlegeheit)</li><li>Informera om betaling/eigendelsordning</li></ul>	Helseteneste/NAV  NAV
Arbeid/Økonomi	<ul style="list-style-type: none"><li>Bistå flyktningen i å legga plan for korleis bli økonomisk sjølvstendig</li><li>Hjelp til å søkja aktuelle trygdeytingar, evt. jobbsøknader</li></ul>	NAV
Bustøtte	<ul style="list-style-type: none"><li>Søkja bustøtte</li></ul>	Merkantil med dette ansvaret
Introduksjonsordning (eigen prosedyre)	<ul style="list-style-type: none"><li>kontrollera at personen har rett/plikt til intro. program, oppdatera NIR-register</li><li>Deltakar i introduksjonsprogrammet får tildelt pc med nødvendig programvare. Kostnad er dekka av introduksjonsstønaden.</li><li>Gjennomføra kartlegging av flyktningen og laga plan for opplæring norsk/samfunnskunnskap</li></ul>	Rådgjevar oppvekst/NAV  Rådgjevar oppvekst saman med norsklærar
Språkpass/ arbeids-praksis	<ul style="list-style-type: none"><li>Ordna språktreningsplass/arbeidspraksis (Kontakte Vivian Kårbo i NHIL)</li><li>Oppfølging på arbeidsplass</li></ul>	Inntaksnemnd melder kommunalsjfane om behov, dei melder sine eininger Norsklærer/inntaksnemnd
Nettverksarbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>Kontakta frivillige organisasjonar, t.d. Røde Kors, idrettslag for mogeleg samarbeid, evt. Fadderfamilie/flyktningguide</li></ul>	Inntaksnemnd
Formidle informasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>Info om arbeidsliv, kommunale tenester,</li></ul>	NAV/voksenopplæring/



## Flyktingearbeid i Radøy kommune

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
	<ul style="list-style-type: none"><li>brann/politi/ambulanse, offentleg transport, m.m.</li><li>• Skriftlig nøkkelinformasjon, omsett</li></ul>	rådgjevar oppvekst
Skulestart	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tilrettelegga skulestart for barn</li></ul>	Rådgjevar oppvekst saman med aktuell skule
Barnehagen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Søkja barnehageplass ved behov, prøva å tilrettelegga ved ankomst utanom ordinært opptak. Bruk av språkpass, lærling?</li></ul>	Rådgjevar oppvekst saman med aktuell barnehage
Transport	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vurdera og tilrettelegga nødvendig dagleg transport til/frå ulike programtak</li></ul>	intaksnemnd

### 1.1 Videre oppfølging etter ankomstfasen:

Oppgave:	Aktivitet:	Ansvar:
Etablere kontakt med frivillige lag og organisasjoner	<ul style="list-style-type: none"><li>• Introducera flyktingen for aktuelle frivillige organisasjoner, eventuelt fadderfamilie/flyktningguide</li><li>• Formål: utvida uformelt nettverk, fritidsaktivitetar</li></ul>	Inntaksnemnd
Personlig økonomi	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeid, økonomiskforståing, ulike inntektstypar, forbruk, skatt og sjølvmelding</li><li>• Sikra forståing for sosialhjelp som mellombels erstatning for anna inntekt (behovsprøving)</li></ul>	NAV
Grunnskole, barnehage	<ul style="list-style-type: none"><li>• Konkretisera forventningar frå barnehage og skule til foreldre si oppfølging av barna</li></ul>	Skole og barnehage
Hjemmebesøk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomføra planlagt heimebesøk i løpet av første år etter ankomst (ved behov etter et år)</li></ul>	NAV
Råd/rettleiing -	<p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Støtta samarbeid helm/skule</li><li>• Tilhøvet barn/foreldre, normer/lovar</li><li>• Fokus på kjønnsroller og likestilling</li><li>• Individuell oppfølging for dei som har opplevd trauma</li></ul>	Til diskusjon – kan noko av dette vere tema for opplæringsprogram dei vekene skulen er stengd?
Når skulen er stengd må det utarbeidast eige opplegg, jfr aktivitetsplikta	<ul style="list-style-type: none"><li>• Samarbeid med Lindås</li><li>• Utarbeida årleg plan for vinterferie, sommarferie, haustferie</li><li>• Arrangera opplæring i samfunnsliv, praktisk info, skatt og sjølvmelding, kommunale forhold</li></ul> ++++++	Eiga gruppe: Inntaksnemnd, flyktning, frivilligcentralen, sørivistorg, ungdomskoordinator. Møte kvart år innan 15.jan., ansvar for innkalling: prosjekteigar



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### **Handsaming av avvik**

Dersom det skjer avvik fra prosedyren over, skal dette meldast til inntaksnemnda på vedlagt skjema. Avviket skal først handsamast i inntaksnemnda sine faste møte, og representant herfrå skal kontakta eininga/avdelinga som er ansvarleg for denne delen av prosedyren. Styringsgruppa skal orienterast om nødvendig.

### **Revisjon/evaluering av prosedyre/gjennomføring av prosedyre**

Innan 31.januar kvart år. Ansvar: inntaksnemnd evt med repr frå flyktningane, skal godkjennast av styringsgruppa.

### **Dokumentreferansar:**

- LOV 1967-02-10 nr 00: Forvalningslova
- LOV 2008-05-15 nr. 35: Utlendingelova
- LOV 2003-07-04 nr 80: Introduksjonslova
- LOV 2009-12-18 nr 131: Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga
- LOV 2011-06-24 nr 30: Helse- og omsorgstjenestelova
- FOR 2003-07-18 nr 973: Forskrift om fravær og permisjon ved nyankomne innvandreres deltagelse i introduksjonsordning
- FOR 2005-04-20 nr 342: Nasjonalt introduksjonsregister
- FOR 2005-04-20 nr 341: Forskrift om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nyankomne innvandrere
- FOR 2012-04-19 nr 358: Forskrift om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere
- Rundskriv Q-20/2012: Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonslova)



## Vedlegg 2 – Flykningestatus

### Opphaldsløye

Alle søknader om asyl skal behandlast individuelt. Ein asylsøkjar kan få ein av desse typene opphaldsløyve:

#### Asyl

Asylsøkjaren har rett til asyl dersom han eller ho har ein velgrunna frykt for å bli forfølgt i heimlandet av styresmaktene i landet eller andre. Grunnar til forfølging kan vera rase, religion, nasjonalitet, medlemskap i ei bestemt sosial gruppe eller politisk oppfatning. Med forfølging meiner ein alvorlege menneskerettskrenkingar eller andre alvorlege overgrep. Med velgrunna frykt meiner ein at det skal vera ein reell risiko for slike krenkingar. Når ein person får innvilga asyl, har han eller ho status som flyktning og får opphalds- og arbeidsløye. Løyvet er gyldig for eitt år av gongen og må fornyast. Personan får også tildelt reisebevis for flyktningar. Reisebeviset er ikkje gyldig for innreise til flyktningen sitt heimland. Barn må ha eit eige reisebevis.

#### Opphold av beskyttelsesrunner

Dersom asylsøkjaren ikkje får asyl, men det likevel ikkje er trygt å reisa tilbake til heimlandet, kan han eller ho få opphaldsløye av beskyttelsesgrunnar. Dette kan vera på grunn av at det generelt er ein uroleg ein situasjon i heimlandet, eller fordi han eller ho risikerer tortur eller anna umenneskeleg behandling der. Den største gruppen asylsøkjrarar som får opphaldsløye i Norge, får innvilga opphald av beskyttelsesgrunnar. Opphaldsløye vert normalt gitt som vanleg opphalds- og arbeidsløyveløye. Løyvet er gyldig for eitt år om gongen og må fornyast.

Dersom personen ikkje kan få pass frå heimlandet sitt, kan han eller ho søkja om utlendingspass.

#### Opphold av humanitære grunnar

Asylsøkjaren kan også få opphaldsløye av humanitære grunnar. Personar med alvorlege helseproblem kan i nokre tilfelle få slik opphaldsløye. Slik opphaldsløye kan i spesielle tilfelle også bli gitt av omsyn til barna. Opphaldsløye blir normalt gitt som vanleg opphalds- og arbeidsløye. Løyvet er gyldig for eitt år om gongen og må fornyast.

Dersom personen ikkje kan få pass frå heimlandet sitt, kan det søkjast om utlendingspass.

#### Mellombels arbeidsløye

Asylsøkjrarar kan få mellombels arbeidsløye medan UDI behandler asylsøknaden. Dersom søknaden om asyl er openberr grunnlaus, eller det er tvil om søkeren sin identitet, blir det ikkje gitt mellombels arbeidsløye



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### **Vedlegg 3 – Stillingsbeskrivelse Flyktningkonsulent.**

#### **Hovedføremålet med stillinga er**

- Syta for at flyktningar blir integrert i samfunnet på ein god måte.
- Syta for at flyktningar får bustader som er klar for innflytting når flyktningane kjem til kommunen.
- Sakshandsaming etter introduksjons- og sosiallovgjeving.

#### **Arbeidsoppgaver**

- Løpende dialog med Imdi om overføring av flyktningar til busetting i Radøy
- Ha eit koordineringsansvar for praktisk oppfølgjing- og tilsyn av flyktningbustader
- Gje hjelp og rettleiing til den enkelte flyktning slik at ho/han raskast mogleg blir sjølvhjelpen og ein aktiv deltakar i lokalsamfunnet
- Praktisk hjelp og rettleiing til å bli kjend i kommunen og bruk av offentlege tenester
- Utarbeida individuell plan og individuell oppfølgjing av den enskilde flyktning
- Etablera og følgja opp flyktningar i praksisplassar og på skule
- Oppfølgjing av flyktningar i introduksjonsprogrammet
- Planleggja og gjennomføra ulike aktivitetar kommunalt og interkommunalt
- Samarbeida tett med frivillige lag og organisasjonar om integreringstiltak

### **Vedlegg 4 – Stillingsbeskrivelse for flyktningekoordinator.**

#### **Hovedføremålet med stillinga er**

- Vera eit mellomledd mellom flyktningane, kommunen og frivillege
- Følgja opp flyktningar ved evt mottak i Radøy opp mot kommunale tenester, frivillege og lag.
- Vera kommunen sin kontaktperson i alle spørsmål som handlar om flyktningar og asylsøkjarar som ikkje blir fangq opp av tilsette i kommunen som arbeider med busetting av flyktningar og asylsøkjarar, vaksne og einslege mindreårige.

#### **Arbeidsoppgåver**

- Halda løpende kontakt med alle mottak for flyktningar og asylsøkjarar i kommunen
- Halda løpende kontakt med kommunale tenester som er relevante for dei som bur i mottak
- Halda løpende kontakt med frivillige og frivillige organisasjonar som bidrar, eller kan tenkast å bidra i arbeidet overfor flyktningar og asylsøkjarar
- Kartlegga og halda løpende oversikt over dei behov for tenester og bistand som flyktningar og asylsøkjarar har, og ta nødvendige initiativ til at tenester og bistand blir levert
- Miljøvaktmeister.....

*Dersom behovet for flyktningekoordinator over tid blir mindre / opphører, vil kommunen kunne overføra stillinga til andre oppgåver.*



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### Vedlegg 5 Introduksjonsprogram

#### Individuell handlingsplan

**Namn** .....

**Fødselsdato** .....

**Nasjonalitet** .....

**Morsmål, 2.språk** .....

**Type oppholdsløyve** .....

**Ankomst til Noreg** .....

**Ankomst til Radøy** .....

#### Tidsperspektiv:

**Planen utarbeidd 1. gong** .....

**Mål på kort sikt** ..... **Antatt tidsbruk** .....

**Mål på kort sikt** ..... **Antatt tidsbruk** .....

**Mål på lang sikt, yrke/arbeid** ..... **Antatt tidsbruk**.....

---

#### Eigar av handlingsplanen

#### Mine samarbeids- og kontaktpersonar:



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

Sakshandsamar, program ..... Tlf.....

Sakshandsamar, økonomi ..... Tlf.....

Sakshandsamar, utdanning ..... Tlf.....

Norskundervisning, stad ..... Tlf.....

Hovudlærar ..... Tlf.....

Lærar ..... Tlf.....

### Språkpraksisplass:

Praksisstad ..... Tlf.....

Fadder språkpraksisplass ..... Tlf.....

Fadderfamilie ..... Tlf.....

Fastlege ..... Tlf.....

Helsesøster ..... Tlf.....

### Andre:

..... Tlf.....

..... Tlf.....

..... Tlf.....

..... Tlf.....

### Språk:

Språk	Flytande		Godt		Middels	
	Les	Skriv	Les	Skriv	Les	skriv
1.						



## Flyktningearbeid i Radøy kommune

2.							
3.							

Frå heimlandet:

Utdanning	Antal år, start/slutt	Godkjent dokumentasjon	Merknad

Arbeidserfaring	Antal år	Dokumentasjon/ attest	Merknad

Andre opplysningar:

--

I Noreg:

Norskundervisning (modul, løp, progresjon):

Anna kurs/utdanning:

Arbeidserfaring:



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

Anna:

### **Sosialt nettverk**

### **Fritidsinteresser**

### **Plan for utdanning og arbeid i Noreg**

Norskopplæring – samfunnskunnskap	Tidsrom frå - til
Språkpraksis	
Arbeidspraksis	
Vidare utdanning	
Yrke - arbeid	

### **Oppsummering**

#### **Arbeidsynskje på kort sikt**



## *Flyktningearbeid i Radøy kommune*

### **Arbeidsynskje på lang sikt**

**Kva må til for å få det arbeidet eg ynskjer:**

Kurs:

Arbeidspraksis

Utdanning

Manger, den.....

**Oppfølging individuell plan – med eventuelle endringar:**

Dato	Progresjon, evt. endringar	Ny tidsplan



*Flyktningearbeid i Radøy kommune*




## Flyktningearbeid i Radøy kommune

### Vedlegg 6 Introduksjonsprogram - Eigenmelding ved sjukdom

Namn	Fødselsdato	Adresse
------	-------------	---------

#### Eigen sjukdom:

Eg har vore borte på grunn av eigen sjukdom fra og med.....

til og med.....

#### Barns sjukdom:

Eg har vore borte på grunn av barns sjukdom fra og med.....

til og med.....

Eg er aleine om omsorga for barnet (set kryss) ja..... nei.....

Barnets namn:	Barnets fødselsdato:
---------------	----------------------

Eigenmeldinga leverast kontaktperson første frammøtedag etter sjukefråveret.

Dato.....

Underskrift.....

Fyllast ut av ansvarleg sosialtenesta:

Eigenmeldinga er godkjent  Ikke godkjent

Dato.....

Underskrift.....